




Bygdekvinne lagets inspirasjonsseminar



LILLEHAMMER
7.-9. november 2025





Foto: Lucky View/Loff

Safari Shabani

Safari Shabani er eit multitalent som vaks opp i Zambia og kom til Noreg som papirlaus flyktning for ti år sidan. Han er komikar, dansar, DJ, podkaster og friluftprofil, kjent frå serien «Safari på safari», og som deltaker i «71° nord». I år er han aktuell som ambassadør for friluftslivets år, og kjem til oss for å fortelje om sitt forhold til norsk natur. Dette blir eit inspirerende møte med ein ekte livsentusiast!



Linda Stewart

Linda Stewart er etnolog ved Norsk Utvandermuseum og forfattar av boka Amerikabrev, der ho fortel norsk emigrasjonshistorie gjennom brevveksling. I foredraget tek ho oss med tilbake til 1889 og Randi Pedersdatter Holtseteren si reise frå Gausdal til Amerika.

Gjennom brev og svarbrev ho fekk frå slekt og venner i Noreg, får vi oppleve dialogen over Atlanterhavet. Vi får ei personleg og nær historie om norsk emigrasjon til Amerika, fortalt gjennom brevvekslinga.



Lars Os

Lars Os er ein tilbakevendt journalist fra USA som i 2023 tok over familiegarden i Nord-Østerdalen, og som no kallar seg ein stolt bonde. Gjennom over ti års arbeid med TV-nyhender har Lars dekkja store og historiske hendingar, sist over seks år i USA under både Donald Trump og Joe Biden som presidentar. I dag er fokuset retta mot lokal matproduksjon og journalistikk på Røros, men Lars prøver framleis å holde seg oppdatert på det som skjer over dammen, og i verda. På inspirasjonsseminaret vil Os dele sine tankar kring utviklinga i USA.



Lise Vermelid

Lise Vermelid, kjent fra podcasten Pengesnakk, viser korleis små, enkle grep kan gi stor effekt. Med varme, humor og ærlighet deler Lise si eiga reise mot økonomisk fridom, og inspirerer deg til å ta eit skritt av gangen mot eit liv der du styrer pengane, ikkje omvendt. Ta med notatblokka – for her får du garantert verdifulle tips!



Emil og Ylva Lunde Barman


To ungdomar, ei mor og tusen blomar – historia om Vossabia! Emil (21) og Ylva (18) har vakse opp på fjellgarden på Bulken, midt i dufta av bivoks, urter og gründermot. I foredraget fortel dei med varme og humor om å vekse opp med ei kreativ mor og i ein heim der natur og næring går hand i hand. Dette er ei forteljing om draumar, arbeidsglede og ekte skaparkraft på Vestlandet. Eit innlegg som garantert vil spreie både smil og inspirasjon.



Caroline Heyerdahl

Med sin entusiasme for smarte og grønne vasketips og sin eigen såpe-serie utan unødvendige kjemikalier, Csoaps, har Caroline Heyerdahl sett sitt avtrykk i norske heimar som ikkje kan vaskast vekk. Med kontoen @csoaps_com på Instagram spreier ho dagleg smarte vasketips som engasjerer og motiverer. Etter at denne kule dama har vore på scena garanterer vi at du både får lyst til å vaske, og at du får lyst til å vaske utan unødvendige kjemikalier.





Ragnhild Male Hartviksen

Ragnhild Male Hartviksen er tidlegare stortingsrepresentant for Arbeiderpartiet og har blant anna sitte i familie- og kulturkomiteen og i justiskomiteen. Ho har vist sterkt engasjement for vår immaterielle kulturarv og den viktige rolla ho spelar i totalberedskapen. På seminaret deler ho sine perspektiv på korleis kulturarv og beredskap kan sjåast i samspel — og kvifor dette temaet er meir aktuelt enn nokon gong.

Annechen Bahr Bugge



Foto: Lisebeth Michelsen

Sosiolog (dr. polit) og forskar ved Forbruksforskningsinstituttet SIFO. Frå 2021 til 2024 leia ho forskingsprosjektet FoodLessons, som utforska den kulinariske arven som ressurs i utviklinga av matnasjonen Noreg 2030, med vekt på nytenking, kunnskapsutvikling og samspel mellom tradisjon og innovasjon. Frå 2025 til 2028 leier ho FoodStories, eit prosjekt som har som mål å auke forståinga av Norges mat- og drikkearv og potensialet for verdiskaping, berekraft og kulturell rikdom. Gjennom bøker som Fattigmenn, tilsloerte bondepiker og rike riddere har ho vist korleis maten vår speglar historia, kulturen og framtida vår. På inspirasjonsseminaret skal ho fortelje om den norske seterkulturen. Vi ser fram til å høyre på denne engasjerte og kunnskapsrike dama!



Ine og Edvard Hoem

Han er ein av våre mest folkekjære forfattarar, ho ein kritikarrost artist. Saman har far og dotter skapt konsertane **Alt vi har kjær** og **Å, signa natt**, der lyrikk, visepop, salmar og livsvisdom smeltar saman til ei unik oppleving. Laurdag kveld er det oss dei besøker og vi gledar oss!



Karoline Amb


Karoline vaks opp på ein gard i Ringsaker, med ein far som var fulltidsbonde og ei mor som sjonglerte hus, heim, fire ungar – og jobb ved sida av. Gjennom personlege forteljingar og musikalske innslag reflekterer ho med varme og humor over verdiane ho vaks opp med. Og, med humoristisk skråblikk set ho søkelys på paradoks og strukturar som pregar kvinners liv i dagens Norge. Karoline berører og engasjerer.





Fredag 7. november

- 15.00** Registrering og velkommen til hotellet.
- 17.00** Velkommen til BygdekvinneLagets inspirasjonsseminar på Lillehammer, Anne Irene Myhr, leiar i Norges BygdekvinneLag
- 17.15** Norge, du er pen! Safari Shabani
- 18.00** Utdeling av Bygdekvinneprisen
- 18.10** Pause
- 18.30** Musikkforedrag med Karoline Amb
- 19.30** Middag i restauranten



Laurdag 8. november

- 09.00** Velkomen til ein ny dag
- 09.10** Hun valgte Amerika, Linda Stewart
- 09.40** Pause
- 09.55** Ingen grunn til panikk... enda! Tidlegare NRK-korrespondent i USA, journalist og bonde Lars Os
- 10.50** Pause
- 11.15** To ungdomar, ei mor og tusen blomar – historia om Vossabia, Emil og Ylva frå Vossabia
- 12.00 -13.00** Lunsj
- 13.00** Rent bord – en kamp for et tryggere hjem og en renere hverdag, uten unødvendige kjemikalier, Caroline Heyerdahl gründer og dagleg leiar i Csoaps
- 13.40** Pause
- 14.00 – 14.45** Hvordan får du mer kontroll, trygghet og selvtillit i egen økonomi? Lise Vermelid, driver podcasten Pengesnakk.



Søndag 9. november

- 09.00** Velkomen til ein ny dag
- 09.10** Kunnskap og eigenberedskapen si rolle i vår totalberedskap, Ragnhild Male Hartvigsen, tidlegare stortingsrepresentant for Arbeiderpartiet
- 10.00** Pause
- 10.25** Norsk seterkultur – stolte tradisjoner og nye impulser, Annechen Bahr Bugge, sosiolog (dr.polit) og forsker ved Forbruksforskningsinstituttet SIFO
- 10.55** Lansering av podcast om Matminner, kulturarv og berekraft. Podcast-samarbeid mellom Food Stories og BygdekvinneLagets prosjekt Nøysom.
 - Kristina Skåden, førstekonservator NMF ved Lillehammer museum Maihaugen
 - Astrid Seime, prosjektleiar i Nøysom
 - Anita Haglund Grindvold, forfattar, bygdekvinne og drivar av Lilleheier Gard
 - Elisabeth Huse
- 11.10** Pause
- 11.30** Samtale på scena "Immateriell kulturarv, beredskap og frivilligheita" Ragnhild Male Hartvigsen, Annechen Bahr Bugge og Anne Irene Myhr.
- 12.30 -13.30** Lunsj og vel heim.